



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Gloppen Hotell, Sandane
Møtedato	04.04.2017
Kl.	10:00 – 15:45

Faste medlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Hilmar Høl, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Marita Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, Kr

Forfall til møtet:

Aleksander Øren Heen, Sp

Varamedlemmer til stades:

Per Kjøllesdal, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 07.03.2017 vart godkjend utan merknader.

Orienteringar:

- Bedriftsbesøk hjå Strukturplast AS på Sandane. Dagleg leiar Frode Lindvik orienterte om bedrifta og næringsmiljøet innan plast og kompositt.
- Henrik Skoubøe frå Bystryk Arkitekter og designere orienterte om prosjektet "Kløfta" – fellesmagasin / nytt museumsbygg ved Sunnfjord Museum.
- Ordførar Leidulf Gloppestad og avdelingsdirektør ved Nordfjord Folkemuseum Anne Kristin Moe orienterte om drifta av Nordfjord Folkemuseum, og då spesielt om Holvikejekta og planar framover for eit bevarings- og formidlingsbygg for den. Utvalet var også på synfaring på Holvikejekta.

- Orientering om friluftsliv og etablering av friluftsråd ved May Britt Haukås, representant for Sunnmøre friluftsråd og seniorrådgjevar Lars Grøteide.

Muntlege orienteringar:

- Ingebjørg Erikstad orienterte om oppstart av arbeidet med Regional plan for kultur. Oppstartsdokument vert lagt fram for planutvalet 3. mai med mål om endeleg vedtak i Fylkestinget hausten 2018. Administrasjonen foreslår å bruke HNK som politisk referansegruppe undervegs i arbeidet.
- Medlem i fagopplæringsnemnda Karen Marie Hjelmeseter orienterte frå møte i Fagopplæringsnemnda. Kva kan HNK bidra med for å auke tilgangen på læreplassar i fylket? Referat frå møte i fagopplæringsnemna den 16.03.17 og referat frå møte i opplæringsutvalet den 16.02.17 vert sendt medlemmane i hovudutvalet. Det vil bli vidare drøftingar i utvalet.
- Jakob Andre Sandal orienterte frå generalforsamlinga i Balejazz.
- Møte i hovudutvalet den 21. – 22. juni vert i Høyanger kommune / sørsida / Hyllestad kommune / Gulen kommune.

SAK 20/17 Skriv og meldingar

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

1. Arkeologiske registreringar og funn 2016 - kort oppsummering.
Administrasjonen orienterer nærmare om kva plikter og betalingsordningar som gjeld ved arkeologiske funn, på eit neste møte.
2. Statsbudsjettet Kap. 551, post 60 Tilskot til Sogn og Fjordane fylkeskommune for regional utvikling - rapport for året 2016
3. Svar - Dokumentarfilm om villsaudrift på Losna
4. Avtalar - destinasjonsselskapa 2016-2017
5. Viltseminar 2017 – program

SAK 21/17 Oppstart - arbeid med budsjett 2018 / Økonomiplan 2018-2021 - næring og kultur

VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur rår til at formidlingsbygget på Tusenårsstaden Gulatinget vert vurdert på nytt for ev fylkeskommunal medverknad i kommande investeringsplan.
2. Hovudutvalet er kjent med at det vert arbeidd med byggprosjekt t.d. innan Musea i Sogn og Fjordane sitt område, inkl Astruptunet, og rår til at ev forventna fylkeskommunal deltaking i kommande økonomiplanperiode vert avklart.

SAK 22/17 Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 Verdsarv fordeling av tilskot

VEDTAK:

1. Det løyvde tilskotet frå Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79 vert fordelt til fylgjande prosjekt i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden:
 - a. Løa ved Gudvangen gard (camping) kr. 220 000,-
 - b. Hansaløa i Undredal kr. 400 000,-
 - c. Tobakkshuset, Nærøyfjorden gard (Tufto) kr. 320 000,-
 - d. Stølshuset på Fristølen kr. 300 000,-
 - e. Restaureringsleiar kr. 140 000,-
2. Restmidlar frå 2016 kr. 54 000,- vert løyvd til istandsetjing av løa ved Gudvangen gard (camping)
3. Tilbaketrekte tilskot frå 2011 kr. 65 000,- vert løyvd til istandsetjing av løa ved Gudvangen gard (camping).
4. Tilbaketrekte tilskot frå 2012 kr. 200 000,- vert løyvd til Nærøyfjorden verdsarvpark – parkforvaltar.
5. Tilskot frå 2016 løyvd til prosjektet Stølskulturen i verdsarven kr. 45 000,- vert omfordelt til følgjande prosjekt:
 - a. Styvi gardsmuseum kr. 25 000,-
 - b. Parkforvaltar kulturminne og formidling kr. 20 000,-
6. Fylgjande prosjekt får ikkje tilskot frå Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 79
 - a. Seminar og kurs innan byggjeskikk og handverk
 - b. Nærøyfjorden landskapshotell

- c. Våningshus på Tufto gard
7. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetaling av midlane i tråd med retningsliner frå Riksantikvaren.

SAK 23/17 Filmsatsing i Sogn og Fjordane 2017

VEDTAK:

- 1 Zefyr AS (tidl. Fuzz AS) får 100 000 kr i støtte i 2017
- 2 Western Norway Film Commission får 200 000 kr i driftsstøtte i 2017
- 3 Tilskotet til Western Norway Film Commission vert dekt med midlar frå utviklingsfond for næring
- 4 Vestnorsk filmsenter får 100 000 kr i driftsstøtte i 2017
- 5 Tilskotet til Vestnorsk filmsenter og Zefyr vert dekt med midlar frå programområde 400/4005 «Til disposisjon for hovudutval næring og kultur»

SAK 24/17 Forlenga avtale med Bergen Filharmoniske Orkester til 2019.

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Samarbeidsavtale med Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) og kommunane Førde, Gloppen, Sogndal og Flora vert forlenga til og med 2019 slik det vert opna for i gjeldande avtale.

Fylkeskommunen sin del av kostnaden vert innarbeidd i budsjettet for 2018 og 2019.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesdirektøren fekk 8 røyster. Hilmar Høl, Ap røysta imot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Samarbeidsavtale med Bergen Filharmoniske Orkester (BFO) og kommunane Førde, Gloppen, Sogndal og Flora vert forlenga til og med 2019 slik det vert opna for i gjeldande avtale.

Fylkeskommunen sin del av kostnaden vert innarbeidd i budsjettet for 2018 og 2019.

SAK 25/17 Val av styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

1. Som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane for to år vart valt: Harry Mowatt, Ap

2. Som varamedlem for to år vart valt: Hilde Kvamsås Aa, SV
3. Hovudutval for næring og kultur ber styret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane gjere endringar i vedtektene slik at dei to medlemmane fylkeskommunen skal velje, for framtida vert valde samstundes.

SAK 26/17 Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsrapport 2016

VEDTAK:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet i Regionalt forskingsfond til vitande.

Som saksordfører vart valt: Jakob Andre Sandal.
